



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	27.04.2015	29874/2015/M20	Johnny Loen, 71 25 82 88	12.06.2015

Ålesund kommune - utskifting av vassledning i Spjelkavikelva - Brødr. Sunde AS - vassdragslova - fråsegn til søknad om konsesjon

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Planfagleg vurdering

Vi viser til fråsegn gitt i same sak 04.07.12. Denne vart oversendt til oss frå NVE i epost, NVE-ref: 201203501. Vi hadde då ikkje merknader. Når saka no kjem til høyring som konsesjonssak vil vi supplere med fagmerknader nedanfor:

Automatisk freda kulturminne

Saken er oversendt Bergen Sjøfartsmuseum som rette vedkomande når det gjeld kulturminne i vatn. Museet har ikkje merknader utover at dei viser til meldeplikta etter kulturminnelova § 8 dersom det vert gjort funn.

Kulturminne frå nyare tid

Kap. 4.6 i søknaden gir ikkje eit rett bilde av situasjonen langs tiltaket når det gjeld kulturminne frå nyare tid. Kapittelet nemner registreringar av nokre kulturminne nær inntil vassdraget på strekninga frå Lillevatnet ned til sjøen og kartfestar SEFRAK-registrerte objekt. Men kanalen er i seg sjølv eit teknisk-industrielt kulturminne av høg verdi. Kraftstasjonen i Spjelkavik er mellom dei objekta i Ålesund som er foreslått i ny regionale delplanen for kulturminne av nasjonal og regional verdi. Kanalen, rørgata og kraftstasjonsbygningen er regulert for bevaring som eit heilt anlegg. Tiltakshavar må vere merksam på desse verneverdiane.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Ole Helge Haugen
Fylkesplansjef

Johnny Loen
Plansamordnar

(./.)

Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: Arkeolog Øyunn Kleiva, 71 25 88 67 / 959 45 835
Kulturminne frå nyare tid: Rådgivar Helge Aarset, 71 25 87 67

Kopi:

Ålesund kommune

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her